

Sprettten

Laget trente i idrettshallen vinter og haust i 2002, onsdagar frå 17.30 - 19.00. Geir Johannessen var trenar også dette året og gjorde igjen ein flott jobb.

Ein del av medlemmane gjekk "Holavatnet Rundt" frå mai til september.

I 2002 var det 11 medlemmar i OIL-sprettten i alderen 15-70 år så det er ein stor utfordring å lage treningsprogram som skal passe for alle. 4 nye medlemmar ønskte å melde seg inn frå 01.01.03.

Sprettten stilte to lag i sesongen 2001/2002 og 2002/2003. Innsatsen er på topp og resultatata midt på treet. Men resultatata er ikkje like viktig som idrettsgleda!

Sprettten kom på "nett" i laupet av hausten. Dette er ei informasjonsside på Osterøy Idrottslag sine internettsider om kven vi er, oppdateringane vil nok verta heller sjeldne.

Det er ein sunn økonomi i laget etter nok ein "tiggarrunde" hos bedrifter og lag. Laget krev inn kr 200,- i treningsavgift både vår og haust med full oppslutning.

Styret for 2002 såg slik ut: Angunn Trovåg Mjøs, leiar, Marianne Sandal Gjøstein, nestleiar og kasserar, Arne Olai Kleppe, Jan Magne Lone, Bjørn Nilsen, Kari Solbrekken, Oddvar Magne Tvedt.

Styret hadde 7-8 møter i tillegg til eit medlemsmøte i laupet av hausten med informasjon, song og matøkt. Veldig populært!